

Merknad til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022

Folketalet i krinsane og kommunen har gjennom fleire år vist vekst. Tal viser at det i hovudsak er vaksne i arbeidsfør alder, med eller utan born, som flytter til kommunen. Ei forventa folketalsauke opp mot 3400 i planperioden vil auke elevtalet.

Selevik krins har i siste kvartal 2018 fått totalt 6 nye innbyggjarar: 2 vaksne, 4 born. Alle desse bidreg til netto folketalsvekst til Fitjar. To av borna byrjar på Selevik skule i år, 1 born i 2020 og 1 born i 2022. Den siste tilflyttinga i Selevik gjev ei meirinntekt ifht rådmannens framlegg til budsjett på totalt 1.320.000 for heile perioden. I tillegg kjem auka inntekts- og eigedomsskatt.

Selevik skule har no 29 elevar, neste år er elevtalet 31. Begge år er det 8 fleire elevar enn iflg tal frå førre skulebruksplan. Halvparten av elevane er flytta til krinsen dei seinare åra. Tala er ikkje tilfeldig. Barnefamiliar finn Selevik krins attraktiv nettopp grunna de at bygda har eit godt og velfungerande tilbod med barneskule, barnehage og SFO.

H/AP sitt forslag om å gjere Selevik om til 1-4 skule er tenkt å gje ei netto innsparing i budsjett på 1.000.000. (365.000 i 2020, deretter 970.000 frå 2021). Det ligg potensielle kostnader ved dette forslaget som ein må ta med i utrekningane:

1) Behov for ekstraundervisning

- Det er 8 nasjonalitetar representert på Selevik skule i dag. 25 % av elevane snakkar eit anna morsmål i heimen. Det har til no ikkje vore ei utfordring, men det kan verke inn ved undervisning
- i store klassar. Her ligg potensielle kostnader på ekstraundervisning.
- Det er behov for ekstraundervisning i forhold til tap av kompetansemål for 7 kl i 2019 og 6 kl i 2020. Desse elevane er alt byrja på eit 3 årig løp i undervisninga. Tap av kompetansenivå vil gjelde fleire fag; naturfag, samfunnsfag og kunst & handverk . Kostnader ved delingstimar må takast med i reknestykket.

2) Mogleg klassesdeling på mottaksskulen: 5 klasse i 2020/21: (34+12+6)

5.klasse samla på Rimbareid i skuleåret 2020/21 vil ha 52 elevar og ligg følgeleg svært nære delingstalet på 56. Her ligg det ein mogleg kostnad på 690.000 ved 3-deling.

3) Flytting og tap av inntekter for kommunen:

Foreldra i Selevik-krinsen ønskjer ikkje sende borna sine til ein stor skule sentralt og ser på Sagvåg som alternativ dersom 1-4 skule vert ein realitet. Ei flytting over kommunegrensa vil gje eit framtidig tap av inntekter for Fitjar kommune. Minimum 220.000.

Netto innsparing i budsjettet på 1.000.000 kan ikkje forsvare den negative effekten ved å gjere om Selevik skule til ein 1-4 skule.

Eg oppfordrar difor Kommunestyret om å velje å behalde dagens skulestruktur den 19.12.18.

Med vennleg helsing

Solveig Valvatne Hjøllo
Mor til to elevar ved Selevik skule

Vedlegg:

Oppdaterte elevtal og fordeling på årstrinn for Selevik skule (faktiske tal pr 17.12.18)

2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
29	31	31	33	34	32

Fødselsår	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Klasse	7.kl	6.kl	5.kl	4.kl	3.kl	2.kl	1.kl					
Antal	2	3	3	5	6	8	2	4	3	5	6	4

17.12.18